

PREIKEVERKSTAD & PREIKEKAPPLEIK 3. MARS 2017

Fredag 3. mars er det Luthernatt i Bergen. (www.reformasjonsbyen.no) -> MEN vi kan ikkje ha ei Luthernatt utan forkynning om NÅDE!

Vi ynskjer at prestar og predikantar frå ulike kyrkjer denne kvelden skal forkynna om NÅDE – på ein preikekappleik.

PREIKEKAPPLEIK

Det vert ein uhøgtideleg preikekappleik kl. 19-21 på «Østre» i Østre Skostredet 3.

Dette er aller fyrste preikekappleik i Bergen, og vi gjer det for å markera at Luther fornya preikekunsten og vi skal vera med. Det er organisert som ein kappleik i to omgangar. Fyrste omgang er tre minuttars preike med tema «Nåde». Dei som går vidare skal ha ei tre minuttars preike over påskedagstreksten, Luk 24,1-9. Det er ope for prestar og predikantar i alle kyrkjesamfunn. Til slutt kårar vi ein kveldens predikant. Ein jury av ikkje-prestar skal lytta og kriteriene er «ei preike som har innhald, er nærverande og når ut til tilhøyraren».

PÅMELDING: <https://kyrkja.no/nn-NO/bispedommer/bjorgvin-bispedome/nyhetsarkiv/preikekappleik-og-verkstad/>

For at du skal vera godt budd, så dette vert både moro og lærerikt, blir det:

PREIKEVERKSTAD*

Fredag føremiddag kl. 10-15 i kafeen i Johanneskirken i Bergen. Overskrifta for dagen vert: «Nå ut med budskapet – slik som Luther».

Ansvarlege for teoribolkar og øvingar er: Amund Ove Børdahl som underviser i retorikk og praktisk argumentasjon på Universitetet i Bergen, Informasjonsrådgjevar med master i kommunikasjon Jens Z. Meyer og kyrkjefagsjef med master i retorikk og formidling Tore Skjæveland.

*Det er lov å vera med på verkstaden utan å delta på preikekappleiken og det er lov å stilla opp på preikekappleik utan å ha vore med på verkstaden.

PREIKEVERKSTAD: NÅ UT MED BODSKAPEN - SLIK SOM LUTHER!

09:30 - 10:00 Intro / kaffi, te, frukt

10:00 - 11:30 Fyrste økt: Innhald

- Retorikk – å gje innhaldet form og effekt
- Luthersk retorikk – kva kan me læra av Luthers preikepraksis?
- Øving/respons/samtale

11:30 - 12:00 lunsj (Gratis, akkurat som nåden!)

12:00 - 13:20 Andre økt: Nå fram til tilhøyraren

- Tilhøyraren
- Retoriske tips (særleg om innleiing og avslutning)
- Øving/respons/samtale

13:30 - 14:50 Tredje økt: Nærvær

- Framføring (actio) med heile kroppen
- Slik blir du klar - Stemmetrening, oppvarmingsøvingar
- Praktiske tale- og presentasjonsøvingar med din tekst (3 min nåde/påskepreike)

15:00 Slutt

PREIKEKAPPLEIK på «Østre» i Østre Skostredet 3
18:30 - 19:00 Oppvarming for deltakarar
19:00 – 21:00 Preikekappleik med publikum – velkomen!

Du har vel hugsa å melda deg på?

PÅMELDING: <https://kyrkja.no/nn-NO/bispedommer/bjorgvin-bispedome/nyhetsarkiv/preikekappleik-og-verkstad/>

(For prestar i Den norske kyrkja vert dette rekna som ubunden arbeidstid.)